



Borgund og Ålesund menigheter

Kirkens servicekontor
Nedregårdsvegen 1
6010 ÅLESUND

Telefon: 70 16 53 00

E-post: postmottak@kirken-aalesund.no

Pynting og fotografering ved vigsel i kyrkjene

Blomar:

Alternativ:

- 2 bukettar på altaret
- Lave dekorasjonar på korgjerdet på kvar side av trappa
- Litt høgare dekorasjonar i og framfor trappa på begge sider
- Blomerankar kan hengast på enden av dei fyrste benkane
- Pynting ute på trappa kan gjerast om ynskjeleg
- Fargar på blomane står de fritt til å velje

Ris-/blomekasting:

Det må ikkje kastast ris, blomeblad, konfetti eller anna inne i kyrkja eller på/ved kyrkjetrappa. Såpebobler er heilt i orden å bruke ute.

Pynting:

Pynting av kyrkja skjer på bryllaupsdagen og kyrkja er alltid open 1,5 time før 1. vigsel. Det er fint om brudepara går saman om pynting. Namn på andre brudepar vert frigjort 3 veker før vigsel. Ta kontakt med kirkens servicekontor for opplysning om dette. Kyrkja ordnar med blomar på alteret om ikkje anna er avtalt.

Rydding:

Blomane ein har teke med til kyrkja, skal takast med når brudedefylgjet går ut dersom ikkje anna er avtalt. Det må gjerast rett etter vigselen slik at det ikkje vert i vegen for neste bryllaupsfylgje, dei treng også tid til å setje fram sin pynt. Velg gjerne blomedekorasjonar som kan brukast på bryllaupsfesten etterpå også.

Fotografering:

Det er ofte fleire bryllaup etter kvarandre i kyrkjene våre, derfor er det sett av 10 minutt til fotografering på kyrkjetrappa til kvart par. Vi ber også om at fotograf tek kontakt med prest evt. kyrkjetenar om plassering inne i kyrkja.

All pynting skal skje etter avtale med kyrkjetenar.

Revidert 2018. KV